

Grunnlag for innspel til melding til Stortinget om profesjonsutdanningane (profesjonsmeldinga)

Det norske velferdssamfunnet har stor oppslutning og er prega av høg tillit, men velferdsstaten står likevel framfor fleire utfordringar. Noreg har ei lita befolkning og landet er stort og langstrekt. Lågare fødselstal og ei eldre befolkning gir færre personar til å løyse oppgåvene i velferdsstaten framover. Samtidig er det sannsynleg at forventningane og krava til velferdstenestene vil vere like høge eller høgare enn i dag, i åra som kjem.

Det er kandidatar frå profesjonsutdanningane som driv heilt sentrale delar av den norske velferdsstaten, og som skal vere viktige drivkrefter i det grønne skiftet. Derfor må utdanningssystemet kunne følgje opp med rett kapasitet og god kvalitet og arbeidslivsrelevans.

Så langt har vi identifisert nokre utfordringar profesjonsmeldinga må klargjere:

Kvalitet

- Studentar på norske universitet og høgskular skal lære det dei treng for å vere relevante i arbeidslivet og for å kunne delta i samfunnslivet i dag og framover. Digitalisering, innføring av ny teknologi, demografiutviklinga, klimaendringar og hendingar som krig og koronapandemien driv fram endringar. Utdanningsinstitusjonane må følgje utviklinga tett for å halde utdanningane oppdatert.
- Samarbeid mellom arbeidsliv og utdanning er avgjerande for at utdanninga skal vere relevant for yrke og arbeidsliv. I dag varierer det kor godt og kor mykje samarbeid det er.
- Innhaldet i fleire av profesjonsutdanningane blir styrt gjennom rammeplanar og nasjonale retningslinjer. Departementet styrer og samordnar desse utdanningane meir aktivt enn andre utdanningar. Delar av sektoren tek til orde for at styringa legg avgrensingar på handlingsrommet til institusjonane til å vidareutvikle utdanningane og til å gjere lokale tilpassingar. Andre meiner at rammeplanar og nasjonale retningslinjer er eit viktig verktøy for å sikre kvalitet og relevans og å sikre likt læringsutbytte for studentane på tvers av utdanningane. òg at det er nødvendig med tett dialog med arbeidslivet i utforming av utdanningane.
- Krava til fagmiljø i studietilsynsforskrifta gjeld for alle studietilbod. Nokre fagmiljø kan ha problem med å rekruttere tilsette med relevant kompetanse.
- Ei tydeleg kopling til forskning er avgjerande for at undervisninga held seg oppdatert og relevant. Fleire av profesjonsfaga er relativt unge akademisk sett og det kan seiast at dei ikkje har sterke forskingstradisjonar. Dette gjeld særleg innan helse- og sosialfaga og lærarutdanningane.
- Praksisopplæring er avgjerande for kvaliteten i profesjonsutdanningane og utgjer ein stor del av utdanningsløpet. Ulike studiar viser at kvaliteten på praksisen er varierende, og at det kan vere krevjande å koordinere og samarbeide om praksis. Det kan òg vere krevjande å få utdanning, forskning og praksis til å spele saman og gjensidig påverke og utvikle kvarandre.

Kapasitet

- I *Utsynsmeldinga* blir det slått fast at eit stort udekt behov for arbeidskraft gjer det nødvendig å prioritere hardare. Regjeringa prioriterer mellom anna følgjande for utdannings- og kompetansepolitikken sin framover: a) kompetanse som er nødvendig for eit høgproduktivt og konkurransedyktig næringsliv, b) kompetanse som er nødvendig for å gjennomføre det grønne skiftet, c) kompetanse som er nødvendig for å ha gode velferdstenester i heile landet og for å handtere den demografiske utviklinga, balansert opp mot behovet for arbeidskraft i andre sektorar i samfunnet.
- Det er eit stort behov for arbeidstakarar som har gjennomført profesjonsutdanningar. Til nokre profesjonsutdanningar er det nødvendig å rekruttere fleire studentar. For andre profesjonsutdanningar, særleg sjukepleiarutdanninga, er det nasjonalt god søking.
- Kapasitetsutfordringa har ein tydeleg geografisk dimensjon. Det er god søknad til dei store institusjonane, medan det kan vere vanskelegare å fylle opp plassane på mindre lærestader. For lærarutdanningane er ikkje problemet avgrensa til små lærestader.
- Praksisplassar har over lang tid vore ein flaskehals for å kunne utdanne fleire, særleg innan helsefag. Det er ulikt om og korleis regelverket som regulerer dei ulike sektorane, der praksis blir gjennomført, stiller krav om at verksemdene skal bidra til utdanning. Det er òg eit problem at ikkje alle praksisplassar er like relevante. Dette heng tett saman med tilgangen på praksisplassar-.
- Det er eit potensiale for auka dialog og samarbeid mellom arbeidslivet og utdanningssektoren for å sikre at utdanningane oppfyller kapasitetsbehov i arbeidslivet, spesielt innanfor helseutdanningane.

Mangfald,

- Vi ønskjer, og treng, høg deltaking i samfunns- og arbeidsliv i Noreg. Då er det eit problem viss dei som tek profesjonsutdanningane ikkje er representative for befolkninga eller viss nokre grupper ikkje har same tilgang til utdanning som andre.
- Dei siste ti åra har det vore 40 pst. menn og 60 pst. kvinner blant studentar i Noreg. Dei mest kjønnsdelte fagfelte er helse- og sosialfag, pedagogikk, lærar, teknologifag og informasjonsteknologi. Det har vore ei rekkje ulike informasjonstiltak og kampanjar med sikte på å betre balansen i kjønnsdelte utdanningar. Det har vore lite forskning på verknaden av desse tiltaka.
- Utdanningssystemet reproducerer sosiale forskjellar. Det er mindre sannsynleg at personar med foreldre utan akademisk bakgrunn søker seg til høgare utdanning. Nokre av dei treårige profesjonsutdanningane synest å vere eit unntak her. Sosial bakgrunn heng òg saman med innvandrarar si deltaking i høgare utdanning. Innvandrarar er samla sett underrepresentert i høgare utdanning, samanlikna med resten av befolkninga.
- Å gjennomføre høgare utdanning er ein av dei viktigaste føresetnadene for at personar med nedsett funksjonsevne kjem i arbeid. Det er betrakteleg færre personar med nedsett funksjonsevne som har minst eitt år høgare utdanning samanlikna med befolkninga generelt.

Spørsmål

Ta utgangspunkt i dei spørsmåla de ønskjer å svare på.

Generelt

1. I teksten over har vi trekt opp ein del utfordringar for profesjonsutdanningane. Er de samde i at dette er sentrale utfordringar? Kva vil de eventuelt trekkje fram for å supplere eller korrigere dette utfordringsbiletet?
2. Korleis kan universitet og høgskular utvikle utdanningane i tråd med framtidige kompetansebehov og samfunnsendringane vi trekk opp?

Kvalitet

3. Sikrar krava vi stiller til fagmiljø gjennom lov og forskrift kvalitet og relevans i profesjonsutdanningane, eller er dei til hinder for t.d. praksisretta utdanningar?
4. Kva barrierar finst når det gjeld å tilsetje personar med fersk erfaring frå yrkesfeltet anten i delte eller heile faglege stillingar i profesjonsutdanningane? Kva kan byggje ned desse barrierane?
5. Er det utfordringar med å rekruttere personar med førstekompetanse til utdanningane og i tilfelle kvifor?
6. Kva skal til for å bygge sterke forskingsmiljø i profesjonsutdanningane. Kva er barrierane?
7. Korleis kan koplinga mellom forskning og undervisning innan profesjonsfag bli betre?
8. Korleis påverkar rammeplanane kvalitet og gjennomføring i profesjonsutdanningane?
9. Kva bidreg rammeplanane for ingeniørutdanningane med, og er det framleis behov forrammeplanar for ingeniørutdanningane? Dersom det er behov for rammeplanar, er det noko som bør endrast i dagens rammeplan for ingeniørutdanningane?
10. Korleis fungerer samarbeidet mellom arbeidsliv og utdanning? Kva skal til for å få til godt samarbeid og kva barrierar finst det?
11. Korleis fungerer dialogen mellom universitet og høgskular og arbeidsliv/samfunn, og er det tiltak som kan bidra til god dialog om kvalitet og relevans i utdanningane.

Kapasitet

12. I Utsynsmeldinga blir det fast slått at dimensjoneringa av utdanningssystemet skal bli meir i tråd med behovet i samfunnet. Det skal skje mellom anna gjennom at UH-sektoren prioriterer å auke talet på studieplassar innanfor område som er etterspurde av arbeidslivet og av dei utdanningssøkjande, og som er særleg viktige for Noreg:

- IKT, helse og utdanning som er nødvendig for det grønne skiftet. Korleis kan institusjonane arbeide for å sikre tilstrekkeleg kapasitet i profesjonsutdanningane?
13. Har de døme på god dialog mellom universitet og høgskular og arbeidsliv for å sikre at kapasiteten er i tråd med behovet i arbeidslivet?
 14. Korleis kan vi utnytte utdanningskapasiteten, og særleg ledig utdanningskapasitet, best mogleg?
 15. Kva er barrierane for å få til fleksibel og desentralisert utdanning?
 16. Har de gode døme på fleksible og desentraliserte utdanningstilbod i profesjonsutdanningar?
 17. Kva må til for at fleire unge skal velje profesjonsutdanningar det er stor etterspurnad etter i arbeidslivet?
 18. Korleis kan vi mobilisere vaksne som har familie og økonomiske forpliktingar til å ta ei profesjonsutdanning?
 19. Bør fleire av profesjonsutdanningane organisere arbeidsplassbaserte utdanningar, y-vegar, tresemesterordning eller forkurs?
 20. Er C-krav til opptak til masterutdanning til hinder for å vidareutdanne helsepersonell med erfaring frå arbeidslivet?
 21. Bruker institusjonane høvet til å sikre lokal rekruttering ved bruk av kvotar i opptaket til vidareutdanning i helsefag? Kvifor/kvifor ikkje?

Praksis

22. Korleis kan alle partar leggje til rette for at fleire får praksisen dei treng?
23. Lærestadane og arbeidslivet er avgjerande for kvaliteten i praksisopplæringa. Kan regjeringa likevel gjere meir for at alle studentar får praksisopplæring av god kvalitet, både når det gjeld førebuingane til praksis og rettleiing og fagleg oppfølging av praksisen?
24. Korleis kan utdanningane førebu studentane på eit yrkesliv der dei er forventa å samarbeide med andre profesjonar?
25. Kva kan motivere til å ta imot fleire praksisstudentar og byggje ut samarbeidet om utdanning?
26. Er strukturen på praksis og mengda med praksis innan lærarutdanningane rett eller bør praksisperiodane vere lengre og slik gi høve til eit djupare innblikk i livet på ein skule eller barnehage?

Mangfald

27. Har de gjennomført tiltak for å auke mangfaldet i profesjonsutdanningane? Korleis har eventuelle tiltak verka?

28. Kva verkemiddel kan vi bruke for at profesjonsutdanningane tiltrekkjer seg studentar frå begge kjønn og ulike føresetnader og bakgrunnar? Kva bør rolla til offentlege styresmakter vere i dette arbeidet?